

## Årsmelding 2005

Årsmøtet for 2004 vart halde på Alver Hotel, laurdag 30. april 2005. Det var 28 personar tilstades, 25 medlemsbedrifter var representerte. Etter årsmøtet var det foredrag ved

Gjermund Havstad, Havstad Tinn AS på Fedje, med tittel :

“Nordhordland – sett fra utsiden”

Prisen til “Årets bedrift 2004” gjekk til Walde Byggevare AS. Prisen vart utdelt på årsfesten seinare på kvelden.

### Medlemer:

Betalande medlemmer pr 31.12.05 : 181

Betalande medlemmer pr 31.12.04 : 134

Nye medlemmer i 2005 : 60

Utmeldingar i 2005 : 13

I perioden 01.01.06 – 15.03.06 har laget fått 18 nye medlemmer, medlemstalet (15.mars 2006) er no 199.

### Æresmedlemmer :

Roald Olsvold vart utnemnd til æresmedlem på Årsmøtet 30. april. Laget har no 7 æresmedlemmer.

### Innmeldingar i 2005: (60)

Auto-Mek AS, FlexibEL AS, Vatnøy Eiendom AS, Hygienesystemer AS, Ole R Olsen AS, Vest Tank AS, Vesta, Stena Miljø AS, Aqua Farms Foredling AS, Hodnekvam Transport AS, Onyx Industriservice AS, Marine Harvest, Terje Romarheim Maskin AS Gjensidige Forsikring AS, Myklebusthaug Management AS, Dalseide & Fløysand Group, Fjell Industrier AS, Soilcare AS, Jan M Dale Transport AS, Anleggspartner AS, Glassmester Gjesdal Knarvik AS, Hobby Boat AS; Brødrene Myking Maskinstasjon AS, Western Geco Fjord Instruments AS, Sitor Byggservice AS, Nor Betong AS, Arilds Port, Gjerde og Hageservice, Betongindustri AS, Martin E Birknes Eftf AS, Murmester Asbjørn Toft AS, Mosand AS, Allserv AS, Mosoft AS, Uni Micro AS, Studio Nordhordland, Credex Økonomi, Haugsvær Auto AS, Biz 24, Solberg Scandinavia AS, Havstad Tinn AS, J. Martens AS, Meland Elektro AS, Hordasmia Eiendomsselskap AS, Radøy Gjerdenett AS, Manger Trevare AS, Nor-Cargo AS, Tobias Plastindustri AS, Johny Birkeland Transport AS, Bruknapp Betong AS, Meland arbeidssenter AS, Rutebilane i Brekke AS, Skjærgårdsfisk AS, Isdalstø Auto Knarvik AS, AS Birkeland Entreprenørforretning, Ole Moen AS, Unigrafisk Blankett AS, Oster Pukk og Sand AS, SafePort AS, Mongstad Vekst AS, Vestnorsk Brunnboring AS

**Utmeldingar i 2005:** (13) (12 av bedriftene har meldt oppbud/flytta/avvikla)  
Iglo Manger AS, Malermester Karstein Stene AS, Sætre Vest Norsk Dørfabrikk AS,  
Kvalheimsneset Marina AS, Terje Larsen Entreprenørforretning AS, Proxy Data AS,  
Mastrevik Mekaniske Verksted AS, Malerduo AS, Ing Magnus Hagesæter AS, Osterfjorden  
Fartøylag, Frekhaug Trappefabrikk AS, FrekhaugVinduet AS, North Sea Mariner AS

**Hittil i 2006 har desse blitt tatt opp som medlemmer:** (18)

Våge Karosseri AS, Stendal VVS, AS, Reigstad Bygg og Eigedom AS, ADU Ing Atle D Utkilen,  
Risøy & Veland Transport AS, Hjelmås VVS AS; Sparebanken Sogn & Fjordane, Nomaco AS  
AGR Mongstad AS, Odfjell Offshore, Storebrand, K. Sætre og Sønner, West AS, MPM AS,  
Skarsvåg Rør og Interiør AS, Knarvik Finans AS, Hella Betongprodukter AS,  
Byggm. Nils J Solend AS,

**Styre :**

Lars Hellandsjø, formann  
Cathrine Dreyer Hermansen, nestformann  
Øystein Hope  
Ivar K Johannessen  
Tor Iversen  
Arvid Sulen  
Frode M Skaar  
Øyvind Myhr  
Lasse Ståløy

**Valnemnd:**

Nils Landro (formann), Nils Træland og Trond Helland

**Arbeidsutval:**

Lars Hellandsjø (formann), Øystein Hope og Cathrine Dreyer Hermansen

**Revisor:**

Svein Hodneland, varamann Oddvar Sundbø

**Administrasjon:**

Svein M Nordvik har sia 1. september 2004 vore dagleg leiar i laget.

Styret har følgjande utval:

**Næringsutval:**

Ivar K Johannessen (formann), Øystein Hope, Arnt Brandtun, Tor Iversen, og Frode M Skaar.

**Kommunikasjonsutval:**

Cathrine Dreyer Hermansen (formann), Arvid Sulen, Hans Wergeland, Roald Olsvold,  
Trond Helland og Odd Steinar Hals

**Utdanningsutval:**

Lasse Ståløy (formann), Jarleiv Haugland, Øyvind Myhr, Inge Alver og Magnus Kvingedal

NHIL har vore representert slik:

**Det regionale Næringsutval :**

Lars Hellandsjø og Ivar K Johannessen.

Varamenn : 1. Tor Iversen, 2. Øystein Hope

**Kompensasjonsfondet :**

Øystein Hope og Ivar K Johannessen

Varamenn: 1. Tor Iversen, 2. Trond Helland

**Styret for Opplæringskontoret for Nordhordland**

Lasse Ståløy (styremedlem)

**Styret i Mongstad Vekst AS :**

Arnt Brandtun (styremedlem)

**Anna :**

Formannen og dagleg leiar har representert laget ifm møte lokalt og regionalt.

NHIL har aksjar i Mongstad Vekst AS ( 20 aksjar, pålydande kr 10' tilsvarande 10 % av AS- kapitalen) samt aksje i Nordhordland Industriservice AS (1 aksje, pålydande kr 1')

NHIL er medlem av Hordaland Olje og Gass (HOG)

**Aktivitet:**

I 2005 har det vore 10 styremøte og 5 medlemsmøte.

Styret har hatt 51 saker til handsaming. Mykje av laget sitt arbeid har skjedd gjennom utvala. Dei respektive utvala rapporterer om følgjande:

**Næringsutvalet:**

Utvalet har arbeidd med følgjande saker:

**Forskottering av vegen Åse – Herland**

Det har vore viktig å følgja opp det vidare arbeidet med ny veg.

For at planlegginga skulle koma i gang, har det vore nødvendig å forskottera denne.

På bakgrunn av dette er planarbeidet no i gang. Anleggsstart vil vera i 2. kvartal 2006. Den nye vegen skal vera kjørbar til jul i 2007.

**Næringskonferanse 6. september 2005**

Konferansen ” NORDHORDLANDSREGIONEN – alliansepartner og energibunt” vart gjennomført 6. september med over 450 påmelde. Det at konferansen vart lagt så nærmt opp til stortingsvalet, gav ein ekstra dimensjon både med omsyn til deltaking frå politikarane og generelt.

Næringsutvalet har som eit uttalt mål å arrangera Næringskonferansen annakvart år.

## **Mongstad Vekst A/S**

Laget har tatt aktivt del i aktiviteten til selskapet som har ei positiv utvikling.

### **Andre saker**

Næringsutvalet har hatt ein gjennomgang av kva saker det er nødvendig for utvalet å ta del i. Det kan nemnast:

- 1) Vi skal annakvart år arrangera NÆRINGSKONFERANSEN for slik å få sterkare fokus på muligheter i regionen.  
Neste konferanse blir i september 2007.
- 2) Vi skal aktivt arbeida for realisering av energiverket på Mongstad gjennom å påvirka:
  - Media
  - Politikarar
  - Befolkning for øvrig
- 3) Vi skal bidra til betre vegløyisingar med prioritering av desse vegane:
  - a. Nyborgtunnelen
  - b. Utbetring av Rv 564 (til Rosslund)
  - c. Rv 565 over Manger
  - d. E 39 gjennom Knarvik
- 4) Vi skal bidra til utvikling av Mongstadorrådet med spesiell vekt på ny verksemd.
- 5) Vi skal arbeida for sterkare fokus på NÆRINGSUTVIKLING gjennom:
  - a) Bidra til at regionen sin Næringsplan vert konkretisert og følgd opp av Regionrådet. NHIL har vore, er og skal vera, leiande i regionen si næringsutvikling.
  - b) Påvirka kommunane/Regionrådet slik at Næringsareal, boligareal, skular, vegar etc. er i forkant av behovet/utviklinga.
  - c) Bidra til at kommunane får tildelt større skatteandel som insentiv til næringsutvikling.
  - d) Rask og einsarta saksbehandling uavhengig av kommune, og større grad av interkommunalt samarbeid. Regionen må utad opptre einhetlig.
  - e) Etablера/vidareutvikla gode linkar med Bergen Kommune, Hordaland Fylke og Hordalandsbenken gjennom møte- og informasjonsverksemd.

Næringsutvalet har vore representert i det Regionale Næringsutvalet samt i Styret for Kompensasjonsfondet.

Utvalet vil og nemna folkemøtet som vart arrangert i januar 2006.

Tittelen var ”KVA NO?” og ein tok opp problemstillinga om regionen var budd på situasjonen etter at Nordhordlandsbrua var nedbetalt. Det vil verta arbeidd vidare med denne saka i 2006.

Til slutt vil Næringsutvalet takka for hjelp og støtte gjennom året, og ser fram til vidare godt samarbeid.

### **Kommunikasjonsutvalet:**

Utvalet har hatt eit aktivt arbeidsår. Fire saker har hatt spesiell fokus:

#### **Sak 1 : Leiarnettverket ”Tryggare Styring”:** (Tiltak 4.2 i Strategiplanen)

Målsettinga med nettverket er: Gjennom aktivt arbeid i nettverket, ved sosialt samvær, læring, trening og yting, skal deltakarane bli betre leiarar, samt kunna overføra kunnskapen til regionalt samarbeid, og til eigne bedrifter for å oppnå betre forretningsresultat.

Deltakarar i nettverket skal primært vera den ansvarlige leiar for bedrifta/avdelinga. Leiarnettverket har hatt fire samlingar i 2005, og tema for desse samlingane har vore:

1. samling : Innkjøp og forhandlingsteknikk
2. samling : Profilerings/ marknadsføring med vekt på merkevarebygging
3. samling : Budsjett, aktivitets- og styringsplan
4. samling : Omstilling

Det er gledelig at laget i dag har venteliste på deltaking i dette unike leiarnettverket.

Følgjande nye har sagt ja til deltaking:

Terje Utkilen, Odd Steinar Hals, Jon-Arild Rossnes, Trond Vetås, Asle Hindenes

Følgjande har slutta : Arvid Birkeland, Frode Sagstad, Baste Tveito og Fritz Inge Tredal

For meir informasjon om deltakarane (totalt 43 personar), program etc, sjå våre heimesider: [www.nhil.no](http://www.nhil.no)

Den løpande oppfølging gjennom året vert teke hand om av ei arbeidsgruppe.

## **SAK 2 - Medlemsmøte:**

Vi har i løpet av 2005 hatt 5 medlemsmøte med følgende tema:

I januar - Orientering om Mongstadpiloten og anbud/Statoil

I april - Arbeidstilsynet /Praktisk HMS arbeid

I juni - Ledelse av Helse, Miljø og Sikkerhet

I oktober - Pensjonsreformen - OTP

I november - Kva kan kje når noko sviktar?

## **SAK 3 – Kurstilbod**

I 4. kvartal vart det oppstart av 2 nye opplæringstilbod :

- ✕ HMS-kultur for leiarar
- ✕ Styrearbeid

Begge kursprogramma vert avslutta i 1. kvartal 2006. HMS-kultur for leiarar har 24 deltakarar og Styrearbeid 18. Eksterne ressurspersonar er ansvarlege for fagleg innhald. Det er gode tilbakemeldingar på opplegget

## **SAK 4- Lagstur**

Turen hadde i år også ein sosial og fagleg god profil. Turen vart gjennomført helga 30.9. – 2.10 med 43 deltakarar, og gjekk i år til Stavanger med båt frå Knarvik. Det var lagt inn eit interessant stopp i Ryfylke hos "Flor & Fjære". Laurdag var det bedriftsbesøk hos Aarbakke AS på Bryne, ei mekanisk bedrift som har utmerka seg positivt, og legg blant anna vekt på eit godt arbeidsmiljø. Seinare same dag besøkte vi Lyse Energi og fekk orientering om bruk av naturgass i Stavangerregionen.

Av andre saker som utvalet har hatt fokus på – og som er omtalt i Strategiplanen – skal nemnast:

Nye heimesider [www.nhil.no](http://www.nhil.no) vart lansert i februar 2005, og vi har gjennom året registrert ein aktiv bruk (pt ca 40 påloggingar dagleg) av desse sidene.

Kommunikasjonsutvalet takkar for all hjelp vi har fått i året som har gått, og ser med største interesse fram til vidare arbeid.

## **Utdanningsutvalet:**

Utdanningsutvalet har arbeidd med desse sakene det siste året:

### **Kompetansehevingprosjektet :**

Forprosjektet som bestod av kartlegging av kompetanse i 6 utvalde bedrifter, vart sett i gong av dei vidaregåande skulane i august 2005 og ferdig januar 2006.

Prosjektet har ikke hatt den nærhet til NHIL som i utgangspunkt var tilkjennegitt. Dei 5 bedriftene har i liten grad hatt kontakt med prosjektet.

Det er tydelig eit behov for bl.a: tettare dialog med bedriftene, avklaring av bedriftens totale kompetansenivå, og ikke minst systematisera/strukturera både etterspørsel etter kompetansebehov og kompetansetilbod konkretisert gjennom opplæringsplanar for den enkelte bedrift.

Det å få både bedriftene og skulen til å vera framtidsretta er ei klar utfordring.

Vidare er det klart at bedriftene skal vera premissgjevarane, og til det arbeidet treng dei hjelp.

Vi har minst 2 nivå å dekkja :

1. Kortsiktig (kurs etc)
2. Langsiktig (Strategisk)

Kompetanseheving dreiar seg om innsats på fleire område/nivå/trinn

Dei vidaregåande skulane/andre kan tilføra kompetanse på kortsiktig nivå (kurs)

For å få ein langsiktig tanke (strategi) inn i bedriftene, må andre bidra

(styre, bedriftsrådgjevarar, andre) for kompetanseheving/løft

Prosjektet vil verta avslutta, bl.a fordi finansieringa av eit hovedprosjekt vil vera vanskelig å få løyst.

Det synest klart å vera eit behov for ei koordinering av kurstilbod i regionen. Aktøren som kan påta seg den oppgaven, er sakna.

### **Kontakt med høgskulane :**

Det er etablert kontakt med Høgskulen i Bergen. Eit av måla er å vidareføra TAF-ordninga inn i dette systemet, bl. a innafor prosesskjemi. Det er og eit mål å få fleire

studentar til å ta semesteroppgåve/hovedoppgåve med utgangspunkt i bedriftene her.

BI studentar arbeidde med oppgåver i 3 av våre medlemsbedrifter hausten 2005.

### **Arbeidskraft :**

Det er i fleire bransjar eit stort behov for arbeidskraft samtidig som naturleg tilgang lokalt ikkje dekkar behovet. Det er såleis behov for innflagging av arbeidskraft og kompetanse.

Det bør arbeidast målbevisst med ungdom frå Nordhordland som tar utdanning utanfor regionen, slik at dei vender tilbake.

I tillegg til utvalsmøta har formannen i utdanningsutvalget deltatt på :

- styremøte i Opplæringskontoret for Nordhordland
- juryen for kåring av beste elevbedrift i samband med Utdanningsmessa 2005.

**Sluttord:**

Året 2005 har vore eit år med stor aktivitet i Nordhordland.

Styret har arbeidd med oppfølging etter Næringskonferansen i september, og har lansert begrepet INNFLAGGING. Laget ser det som viktig å arbeida for å behalda produksjon i regionen, behalda arbeidsplassar, utvikla nye, samt ha tilgang på kompetanse og arbeidskraft. Laget er av den meining at Næringspolitikk må sjåast i ein større samanheng. Regionen må ha gode oppvekst- og bumiljø og ein god infrastruktur, slik at tilsette også trivst i sitt nærmiljø. Gode vegløyser er sentralt, og NHIL vil arbeida aktivt for at planane i Nordhordlandspakken vert gjennomførde snarast.

Statoil sine planer for eit energiverk på Mongstad er no i slutfasen. NHIL arbeider for at dette vert ein realitet. Det vil i tillegg gi store og positive verknader for både Hordaland og Sogn- og Fjordane.

Nedbetalt Nordhordlandsbru vil føra til auka press på områda i sør. Det er viktig at ein er i forkant av denne utviklinga.

Laget ønskjer å vera ein pådrivar som ivaretar medlemmene sine felles interesser. Derfor vil vi søkja alliansar som støttar det arbeidet, og nær dialog med politiske styresmakter meiner vi er avgjerande for framgang.

Laget er også opptatt av at kommunane i regionen finn fram til oppgåver som kan løysast i felleskap og i forpliktande samarbeid.

Styret har valt å fremja endringsforslag til vedtektene. Styret vil gjera greie for dette på Årsmøtet.

Den store veksten i medlemstalet er vi svært glade for – det viser at det er tru på lagets arbeid og formål. Samtidig forpliktar det – vi må levera.

Styret meiner at 2005 har vore eit svært aktivt år – til gagn for medlemmene.

Styret vil få takka alle som har vore med og arbeidd for laget og medlemsbedriftene.

Til slutt ynskjer styret i NHIL medlemsbedriftene lukke til med arbeidet vidare.

Knarvik, 25. mars 2006

Lars Hellandsjø (s)  
Formann

Svein M Nordvik (s)  
Dagleg leiar